

Aina Isdal Haugland
Isdal 77,
5916 Isdalstø

TØRRMURA ANLEGG PÅ EIGEDOMEN I ISDAL, GNR 185, BNR 5 KORT RAPPORT FRÅ SYN FARING

Eg viser til synfaring og samtale den 07.02.22. Til stades var også Ove Kyte.

Garden Isdal ligg i eit område der muring med naturstein er ein vesentleg del av byggjeskikken og også er utnytta i stort omfang som landskapsformande element. Det naturlege tilfanget av material til muring må ha vore godt. Steinen har vore henta direkte ut frå ras-urer i nærleiken, men kan også ha vorte teken ut på utvalde stader ved hjelp av kiling, elding eller sprenging med svartkrut.

Eg skal nemna og kommentera nokre av dei objekta vi såg på under synfaringa.

Murverk ved og langs våningshuset

Dei synlege murverka langs våningshuset, t.d. grunnmuren under bygget, ser ut til å vera i god stand. Tilstøytande mur i søre enden er noko røffare utført, men er stabil og i god stand. Mur som fører opp mot løe og siloar, har ei utbuling om lag på midten (sjå foto til venstre,



raud pil), men det er truleg ikkje tale om ein skade som vil utvikla seg på kort sikt. Fotoet til venstre gjev også eit inntrykk av typen stein som er nytta og kva preg murverka her har. Steinen er av god kvalitet, og mykje av tilfanget er lagdelt. Ein ser elles at stor og liten stein er nytta om ein annan og at ein har greidd å passa inn «utgrei» stein på ein funksjonell måte i murverket.

Langs husveggen mot aust har vore lagt ein hellegang. Ved inngangspartiet her ligg hellene framleis godt plasserte, og med hall utover, men elles er ein god del heller flytta bort i samband med tømrararbeid på huset.

Det vart sett som ei oppgåve å etablere hellegangen i sin heilskap på nytt. Hellene ligg



tilgjengeleg, men ein må truleg rekna med behov for noko supplering. Ved tilbakeføringa vil ein måtta leggja hellene i sand, slik vanleg framgangsmåte har vore. Inne i gardstunet ligg også to små lad (støttemurar) som treng mindre reparasjonar/justeringar (sjå raude piler).

Steingardar og gardflor

Heile garden Isdal er prega av omfattande muring av steingardar, både bøgard og skiljegardar. Skiljegardane er heller slanke og høge kistemurar¹ (eller doble murar²), noko det gode tilfanget av stein har gjort mogleg. Steingardane er eit heilt grunnleggjande element i kulturlandskapet her, og har høg verneverdi. Tilstanden er i det store og heile rimeleg god,



men ein ser også at det somme stader er behov for vedlikehald, til dømes tilordning i topplaget, og at kinningar³ og kontaktpunkt til andre strukturar kan vera påført noko skade. Særdeles interessante er dei godt bevarte gardflorane i dette området. Gardflora er ein uteflor som er bygd i hop med ein steingard og som fungerte som «møteplass» for dyr og menneske. Den aktuelle gardflora her,

¹ Kistemur = mur med to likeverdige vangar og eit sjikt med fyllstein imellom vangane

² Dobbelt mur = mur med to vangar der steinane ligg «rygg mot rygg» utan noko særleg føreseggjort midsjikt av fyllstein

³ Kinning = avslutninga, enden, på ein kistemur

vist på foto, er reist i tørrmur i sin heilskap, berre taket er ein trekonstruksjon. Murverka er i god stand, men det kan vera tale om noko tilordning/justering av toppsteinar i gavlane. Og kanskje noko kiling og pinning somme stader i vegglivet. Bygget manglar tak for tida, og det kan også representera ei viss pårøyning på murverka, men dette blir, etter det du opplyser, tilbakeført. Restar inne i bygget viser at den siste taktekinga har vore pannestein i tegl. Takvinkelen kan tyda på at opphavleg takteking kan ha vore never-/torvtak.

Det går elles fram av fotoet over at det er noko utgreie i avslutninga av steingarden mot leet. Dette vil vera naturleg å retta opp i samband med arbeid på bygget.

Elvefar og opne grøfter

På eidedomen, også nært opp mot tunet, går elvar og opne grøfter. Desse anlegga er godt utforma med elveforbygningar og hellebruer. Men det er også ein god del skade på elvemurane. På sikt representerer dette ein fare for vidare forfall, men meir akutt også for at føringa av vatn framom eidedomen vert mindre effektiv. Tilstanden til desse anlegga vart ikkje vurdert konkret ved synfaringa, og det vil vera ei tilråding frå meg at istandsetjing av elvefar og opne grøfter, evt. også om nødvendig overbygde kisteveiter, vert sett som eit eige, relativt høgt priotert prosjekt.

Jordkjellar

I nærmaste nærleik til det indre tunet på garden, tett ved elva, ligg ein liten jordkjellar i god stand. Innerkonstruksjonen er heilt intakt, og også i dei ytre delane er det meste på plass, berre mindre reparasjonar trengst. Kjellaren treng ny dør før han kan takast i bruk. Dersom jordkjellaren skal bli funksjonell som lager for poteter og andre matvarer, må overdekninga



gåast over og fornyast. Som eit isolerande lag er det plassert jord og torv som overdekning over steinkonstruksjonen. Mykje av dette materialet er kvorve inn og delar av steinkonstruksjonen er synleg. Ved tilbakeføringa må ein syta for at jorda og torva er lagt med

jamn og slett fallande overflate slik at ein får god vassavrenning. Innvendig er jordkjellaren fuga med kalkmørtel og truleg kalkvaska slik at ein har hatt tette innervegger (mot skadedyr) og ei fin og «antiseptisk»⁴ overflate. Kulturminnefondet og andre instansar vil kunna gje tilskot til eit istandsetjingsprosjekt, og det ville kunna vera av særskild interesse, frå ein antikvarisk synsstad, å nytta tradisjonskalk frå ein stad på vestlandet, leska og blanda til hot mix på staden.

Løe i tunet

Løe i tunet framstår som sterkt skadd. Trekonstruksjonen er mykje godt til nedfalls. Men bygget har ein hovudkropp som opphavleg kan vera bygd i naturstein, til liks med mange andre liknande bygg i regionen. På eit tidspunkt er veggene truleg blitt pussa med betong og bygget framstår i dag som ein betongkonstruksjon, noko som såleis i seg sjølv representerer eit talande tidsbilde.

Sluttmerknad

Gjennomgangen ovanfor må på ingen måte reknast som uttømande. Kommentrane kan i høgda gje ein glytt av den rikdomen av bygg, anlegg og strukturar som er å finna på dette bruket og dei andre bruka på Isdalgarden.

For ditt bruk ville det etter mitt råd vera føremålstenleg å arbeida ut ein mest mogleg heilskapleg plan for istandsetjing og vedlikehald av anlegga, men så dela den opp i høvelege og overkomelege delprosjekt som ein då kan arbeida med etter ei prioriteringsliste.

Antikvariske styresmakter og tilskotsgjevande institusjonar vil vita å verdsetja ein slik framgangsmåte.

Elles er det her, etter ditt ynske, lagt ved eit kostnadsoverslag med pårekna kostnader ved tilbakeføring av hellegangen ved huset og reparasjon av dei to lada som er omtala ovanfor.

Frekhaug 09.02.22

Med venleg helsing

Haakon Aase

Vedlegg: 1

⁴ Kalk har ein slik effekt, og er derfor nytta mykje i jordkjellarar og florar.